

Tips til opplegg på elevkveldar på BUS

I 8. klasse hadde vi god stemning når vi arrangerte pepperkakepynting i sosialrommet. Julemusikk, klementiner og brus og kjøpte små mini pepperkakehus, etterpå gjekk klassen og bada i bassenget. Nokre få hadde ikkje lyst å bade, dei var igjen i sosialrommet og spelte bordtennis, fortsatte på pepperkakehusa og spelte.

Til sommaren skulle vi vera utendørs, men pga verforhald hadde vi samlinga i kantina. Pølser og kake og felles leiker/underholdning.

På 9. trinn var det laber stemning for bassenget. Tydeligvis ein hit på 8. trinn, men heilt ut på 9. trinn 😊 Då hadde vi julekakebaking og julemusikk på m&h kjøkkenet. God stemning. På våren oppfordra eg dei som hadde lyst og mulighet til å betale 100 kr til klassekassen også bestilte eg bowling på stadion bowling. Det likte dei veldig godt. Elevane kjøpte snaks/mat sjølv. Nesten alle elevane har kome på sosialtreffa. Tror det hjelpe veldig at læraren bare seie at det er obligatorisk, sjølv om det egentlig ikkje er det.